



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 26.09.2018
Tid: 15:00 – 20:40

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordfører	H
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Agnar Aarskog	Varaordfører	AP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Vigdis Røen Leirvik	Agnar Aarskog	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Olaug Haugen	Rådmann
Svein Dale Soleng	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Anne Økland	Helse- og sosialsjef
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef

Wenche Tislevoll
Ordfører

Bente Fitjar
møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 55/18	Godkjenning av protokoll	
PS 56/18	Finans- og gjeldsforvaltningsrapport 2.tertial 2018	
PS 57/18	Oppsummering av arbeidsseminar 5. sept. 2018 om Økonomiplan 2019-2022	
PS 58/18	Ny sjukeheimsfløy Fitjar bu og behandlingssenter (FBB)-oppstartsvedtak	
PS 59/18	Årskog barnehage - økonomiske driftsvanskar	
PS 60/18	TV-aksjonen 2018 - søknad om støtte.	
PS 61/18	Lysløypa i Midtfjellet, avtale mellom Stord Fitjar turlag, Fitjar fjellsameige og Fitjar kommune	
PS 62/18	Prinsippsak om førehandsbompengar til E39 Ådland-Svegatjørn (Hordfast)	
PS 63/18	Planstrategi 2016-2019 med tidsplan for perioden	
PS 64/18	Selskapsoversikt 2017	
PS 65/18	Meldingar	
PS 66/18	Ymse	

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

PS 55/18 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 26.09.2018:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 56/18 Finans- og gjeldsforvaltningsrapport 2.tertial 2018

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår til kommunestyret til å ta finansforvaltningsrapporten til vitande.

Behandling i Formannskapet - 26.09.2018:

Økonomisjef Trond Salmo orienterte om kva som ligg i tala i finans- og gjeldsforvaltningsrapporten for 2. tertial 2018, og svara på spørsmål frå formannskapet.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Kommunestyret tek finansforvaltningsrapporten til vitande.

PS 57/18 Oppsummering av arbeidsseminar 5. sept. 2018 om Økonomiplan 2019-2022

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringa til vitande.
Saka vert lagt føre kommunestyret som meldingssak.

Behandling i Formannskapet - 26.09.2018:

Representanten Dagfinn Brekke (KRF) hadde spørsmål til saka. Økonomisjef Trond Salmo svara på desse.
Svara refererast under sak PS 66/18 Ymse.

Vedtak: (Samrøystes)

Saka sendast kommunestyret som meldingssak.

PS 58/18 Ny sjukeheimsfløy Fitjar bu og behandlingssenter (FBB)- oppstartsvedtak

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet rår kommunestyre til å gjera fylgjande vedtak:
Kommunestyre vedtek oppstart av arbeida med ny sjukeheimsfløy i samsvar med saksutgreiing, samt å auke løyvinga til prosjektet med kr 200.000,-
Administrasjonen får fullmakt til å inngå kontrakt med Engelsen bygg, om bygging av ny sjukeheimsfløy, samt forhandle fram oppdatert framdriftsplan, og betalingsplan for prosjektet. Administrasjonen får fullmakt til å ta inn opsjonane 1, 2, 3, og 5 i prosjektet.

Behandling i Formannskapet - 26.09.2018:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) ba formannskapet vurdere habiliteten hennar. Ektemannen er medeigar i Engevik og Tislevoll AS, som har gitt tilbod på prosjektet. Ho forlet møtet under drøfting av habilitetsspørsmålet.

Representanten Arne Prestbø (H) vart oppnemnt som møteleiar. Ho vart samrøystes erklært inhabil.

Representanten Vigdis Røen Leirvik (AP) ba formannskapet vurdere habiliteten hennar. Ektemannen er prosjektleiar som har utarbeida tilbod frå Engelsen bygg, som har gitt tilbod. Ho forlet møtet under drøfting av habilitetsspørsmålet. Ho vart samrøystes erklært inhabil.

Representanten Sigurd André Maraas (FRP) stilte spørsmål om fokus på HMS i tilboda, meiner dette er mangelfullt omtala i saksutgreiinga. Rådmannen svara at dette vert tydeleg regulert for entreprenørane gjennom lovar og reglement.

Tilråding til kommunestyret: (3 røyster)

Kommunestyre vedtek oppstart av arbeida med ny sjukeheimsfløy i samsvar med saksutgreiing, samt å auke løyvinga til prosjektet med kr 200.000,-.

Administrasjonen får fullmakt til å inngå kontrakt med Engelsen bygg, om bygging av ny sjukeheimsfløy, samt forhandle fram oppdatert framdriftsplan, og betalingsplan for prosjektet. Administrasjonen får fullmakt til å ta inn opsjonane 1, 2, 3, og 5 i prosjektet.

PS 59/18 Årskog barnehage - økonomiske driftsvanskar

Framlegg til vedtak:

1. Utval for oppvekst og omsorg løyver kr 43.182,- som ekstra tilskot til Årskog barnehage hausten 2018 slik at drifta vert sikra. Beløpet vert finansiert innanfor eksisterande budsjett for skulesektoren (henta frå post 13501-2000-2020 PPT)
2. Beløpet for 2019 (no kr 60.455,50) må kvalitetssikrast ut frå nye satsar og leggjast inn i 2019 budsjettet.
3. Skulesjefen må ha tett dialog med barnehagen slik at ein kan få avklart på eit tidleg tidspunkt om det er grunnlag for vidare drift hausten 2019.
4. Dersom barnehagen legg ned drifta og det er pengar att på fondet, ber Fitjar kommune om å få tilbakebetalt utbetalt ekstratilskot for 2018 – 2019.

Behandling i Utval for Oppvekst og omsorg - 11.09.2018:

Skulesjef John Karsten Raunholm orienterte om saka i møtet.

Tilråding til formannskapet: (Samrøystes)

1. Utval for oppvekst og omsorg løyver kr 43.182,- som ekstra tilskot til Årskog barnehage hausten 2018 slik at drifta vert sikra. Beløpet vert finansiert innanfor eksisterande budsjett for skulesektoren (henta frå post 13501-2000-2020 PPT)
2. Beløpet for 2019 (no kr 60.455,50) må kvalitetssikrast ut frå nye satsar og leggjast inn i 2019 budsjettet.
3. Skulesjefen må ha tett dialog med barnehagen slik at ein kan få avklart på eit tidleg tidspunkt om det er grunnlag for vidare drift hausten 2019.
4. Dersom barnehagen legg ned drifta og det er pengar att på fondet, ber Fitjar kommune om å få tilbakebetalt utbetalt ekstratilskot for 2018 – 2019.

Behandling i Formannskapet - 26.09.2018:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om at saka vart sendt frå utval for oppvekst og omsorg til formannskapet, då den omhandlar økonomi.

Formannskapet drøfta saka, og la føre felles framlegg til vedtak:

Fitjar kommune løyver ikkje ekstra tilskot til Årskog barnehage barnehageåret 2018/2019 p.g.a. nasjonal løyving på kr. 431.600,- til barnehagen.

Skulesjefen må ha tett dialog med barnehagen slik at ein kan få avklart på eit tidleg tidspunkt om det er grunnlag for vidare drift hausten 2019.

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune løyver ikkje ekstra tilskot til Årskog barnehage barnehageåret 2018/2019 p.g.a. nasjonal løyving på kr. 431.600,- til barnehagen.

Skulesjefen må ha tett dialog med barnehagen slik at ein kan få avklart på eit tidleg tidspunkt om det er grunnlag for vidare drift hausten 2019.

PS 60/18 TV-aksjonen 2018 - søknad om støtte.

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune løyver kr. 7.000,- til TV-aksjonen 2018. Summen vert å ta av konto 14700 – teneste 1000 – ansvar 1000.

Behandling i Formannskapet - 26.09.2018:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om at kundetorget ringjer og skaffar bøsseberarar.

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune løyver kr. 7.000,- til TV-aksjonen 2018. Summen vert å ta av konto 14700 – teneste 1000 – ansvar 1000.

PS 61/18 Lysløypa i Midtfjellet, avtale mellom Stord Fitjar turlag, Fitjar fjellsameige og Fitjar kommune

Framlegg til vedtak:

Fitjar formannskap godkjenner avtalen mellom Stord Fitjar turlag, Fitjar fjellsameige og Fitjar kommune slik den ligg føre, under føresetnad om at dei andre partane også godkjenner denne.

Behandling i Formannskapet - 26.09.2018:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om at utval for plan og miljø ga dispensasjon til bygging av lysløypa i sitt møte 25. sept.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 62/18 Prinsippsak om førehandsbompengar til E39 Ådland-Svegatjørn (Hordfast)

Framlegg til tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre ønskjer ei rask realisering av prosjektet E39 Ådland-Svegatjørn (Hordfast). Kommunestyret sluttar seg til at det vert kravd inn førehandsbompengar på ferjesambanda Halhjem-Sandvikvåg, Halhjem-Våge og Jektevik-Hodnanes i tråd med det opplegget som ligg føre frå Hordfast AS.

Behandling i Formannskapet - 26.09.2018:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) ba formannskapet vurderer habiliteten hennar, då ho sit i styret i Hordfast AS. Ho forlet møtet under handsaming av habilitetsspørsmålet.

Representanten Arne Prestbø (H) vart oppnemnd som møteleiar. Ho vart samrøystes erklært ugild.

Representanten Sigurd André Maraas (FRP) la føre følgjande framlegg til tilråding:

Fitjar kommunestyre ønskjer ei rask realisering av prosjektet E39 Ådland-Svegatjørn (Hordfast). Kommunestyret sluttar seg allikevel ikkje til at det vert kravd inn førehandsbompengar på ferjesambanda Halhjem-Sandvikvåg, Halhjem-Våge og Jektevik-Hodnanes i tråd med det opplegget som ligg føre frå Hordfast AS.

Stortinget har opna for forsert framdrift og anleggsstart for E39 Hordfast, dersom Statens vegvesen greier å få ned kostnadene for prosjektet. Noko ein allerede er godt igang med. Me tolkar dette slik at det ikkje vil vera avgjerande for prosjektet om det vert innkrevd førehandsbompenger.

Det er allerede eit for høgt nivå på bompenger i dag, å me vil ikkje bidra til auka bompengenivå.

Formannskapet drøfta saka.

Ved røysting vart framlegga satt opp mot kvarandre.

Framlegget frå Maraas (FRP) fekk 3 røyster (AP, KRF og FRP), tilrådinga i saka fekk 1 røyst (H), og fall. Det ligg etter dette føre slik;

Tilråding til kommunestyret: (3 røyster (AP, KRF og FRP) mot 1 røyst (H))

Fitjar kommunestyre ønskjer ei rask realisering av prosjektet E39 Ådland-Svegatjørn (Hordfast). Kommunestyret sluttar seg allikevel ikkje til at det vert kravd inn førehandsbompengar på ferjesambanda Halhjem-Sandvikvåg, Halhjem-Våge og Jektevik-Hodnanes i tråd med det opplegget som ligg føre frå Hordfast AS.

Stortinget har opna for forsert framdrift og anleggsstart for E39 Hordfast, dersom Statens vegvesen greier å få ned kostnadene for prosjektet. Noko ein allerede er godt igang med. Me tolkar dette slik at det ikkje vil vera avgjerande for prosjektet om det vert innkrevd førehandsbompenger.

Det er allerede eit for høgt nivå på bompenger i dag, å me vil ikkje bidra til auka bompengenivå.

PS 63/18 Planstrategi 2016-2019 med tidsplan for perioden

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommune godkjenner planstrategi 2016 -19 med fylgjande endringar:

- Kommuneplan – samfunnsdel: Oppstart og ferdigstilling i 2019

Behandling i Formannskapet - 26.09.2018:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka. Ho hadde fleire innspel til endring i oversikta over planstrategi 2016-2019.

Endringar i oversikt over planar:

Kommuneplan, samfunnsdel – skyve oppstart til vår 2019, ferdig haust 2019

Kommuneplan, Selevik krins – ny kommentar: neste planperiode, saman med Stord

Kommunedelplan, Sentrum nord

- Stryke ferdig vår 2019,

- Ny kommentar: neste planperiode
- Oppdatere navn delplan: Sentrum nord/Sjøsida

Kommunedelplan, Strandsoneplan

- Flytte ferdigstille tidspunkt frå haust 2018 til vår 2019, med spørsmålsteikn bak

Kommunedelplan, Fitjarøyane

- Endre til oppstart 2016

Endringar i tekstdel:

Endringar i tekstdel i kommunedelplan Selevik krins

- Planen skal takast opp att i planstrategi som skal vedtakast innan oktober 2020.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommune godkjenner planstrategi 2016 -19 med fylgjande endringar:

- Kommuneplan – samfunnsdel: Oppstart og ferdigstilling i 2019
- Med endringar lagt føre av ordføraren i formannskapsmøte 26.09.18

PS 64/18 Selskapsoversikt 2017

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:
Selskapsoversikt 2016 vert teke til vitande.

Behandling i Formannskapet - 26.09.2018:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) kommenterte nokre av selskapa i oversikta, der det har vore endring frå 2017 til 2018. Det må rettast i oversikta at Rune Sandvik frå Fitjar er styreleiar i SIM.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Kommunestyret tek selskapsoversikt 2017 til vitande.

PS 65/18 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 26.09.2018:

Handsama i møtet:

- Brev frå Stord kommune av 22.06.18: Melding om vedtak – Stordpakken
- Brev til fylkesmannen dat. 06.07.2018 – søknad om ordinært skjønstilskot for 2019, unntatt off. innsyn, Offl. § 13/fvl. § 13
 - Saka vart handsama i lukka møte, jfr. kommunelova § 31.4.
- Vedtak etter sommarfullmakt: Avtale med K. Volden Transport AS om uttak av stein på Årskog industriområde
 - Innspel frå Arne Prestbø (H) om å få ei utgreiing av inntekt i høve avtalen om uttak av stein

- Vedtak etter sommarfullmakt: Avtale om kjøp av areal ved tilkomst til eigedom 61/310
- Vedtak etter sommarfullmakt: Kjøpekontrakt areal Breivik-Årskog, Statens vegvesen
- Notat: Sentrumsutvikling moloprojekt
 - Innspel frå Sigurd Andrè Maraas (FRP) om å invitera arbeidsgruppa til kommunestyret å informera om arbeidet
- Melding om skatteinngangen juni-august 2018
 - Antar at dårleg skatteinngong i august vil jamna seg resten av året
- Faktagrunnlag for elevar til Stord, tilbakemelding på ymsesak frå møte 13.06.18
 - Sigurd Andrè Maraas (FRP) etterlyste tydelegare svar vedk. kostnad for gjesteelevar
 - Administrasjonen vil rå til å avvise søknad om gjesteelevar
- Rapport frå arbeidsgruppa for Smedholmen

Munnleg orienteringar:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om:
Oppdrettsselskapet Kobbevik og Furuholmen har fått avslag frå Mattilsynet om etablering av anlegg, vedtaket vil verta påklaga.
Steinuttak i Årskog etter avtale

Rådmann Olaug Haugen orienterte om:
Planarbeid i Årskog som har vore lyst ut, oppdraget er tildelt Norconsult, planlagt ferdigstilt ca 10. jan. 2019.
Anbod på kravspesifikasjon grunnarbeid, ingen leverte tilbod.

Miljøgata i sentrum og kryss, Statens vegvesen styrer dette arbeidet. Klart for utlysing på anbod, og har etterspurd SVV kvifor dette ikkje er gjort. Informasjon til formannskapet om kostnader når det ligg føre grunnlag for dette.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 66/18 Ymse

Behandling i Formannskapet - 26.09.2018:

Representanten Dagfinn Brekke (KRF) hadde sendt inn spørsmål på epost 02.10.18, vedk budsjett som vart lagt føre i arbeidsseminaret 5. sept.:

Ifm sak 57/18 håper jeg vi kan se litt mer på tallgrunnlaget som ble presentert i budsjettmøtet. Tallene som ble presentert i økonimplanen skiller seg ganske mye fra tallene i økonomiplanen som ble vedtatt ifm revidert budsjett i juni i år. Altså bare 3 måneder tidligere. Jeg sender inn noen spørsmål på forhånd i stedet for å ta dem direkte i møtet på onsdag. Dette for at administrasjonen kan forberede evt svar.

Svar frå rådmannen:

Føresetnad i revidert: Budsjettendringar gjeld berre inneverande år, og skal ikkje vidareførast i økonomiplanen. Tabellen som vart presentert på seminaret kan ikkje samanliknast direkte med budsjettdokumentet frå juni.

- Tabellen i revidert for 2019 er utarbeida hausten 2017 (Vedteke budsjett 2018-2021 frå desember 2017)
- Tabell presentert i september representerer konsekvensjustert budsjett (KB). KB inneheld endringane i driftsnivå slik dei er innmeldt frå einingane frå 2018 til 2019, endringar i inntektsføresetnadar og finanskostnadar i same periode. Når ein kjenner, og har kvalitetssikra desse tala, startar arbeidet med å gjenoppretta økonomisk balanse

gjennom ulike tiltak. Dette blir framlegget til den nye økonomiplanen 2019-2022. Vedtekne rammekutt med verknad frå 2019 og utover, var ikkje langt inn i tabellen i møtet i september.

Spørsmål 1:

Rente- og finansutgifter stiger mye raskere i langtidsplanen presentert i september, enn i revidert budsjett. Hva er årsaken til dette? Er det økte låneopptak, eller en forventet renteoppgang? Renteutgiftene synes å stige mye tatt i betraktning siste rentebane presentert fra Norges Bank.

Svar frå rådmannen:

Føresetnadar nye lån og renteutvikling som ligg inne i prognosen lagt til grunn for skjema som vart presentert på budsjettsamlinga.

For 2018 er dette vedtatt investeringsnivå

For 2019 er det eit estimert lånenivå i høve til kjente utbyggingsprosjekt

For 2020- 2022 er dette eit estimert investeringsnivå på linje med kommunen sine avskrivningar / avdrag som er på ca. 12 mill. kr. Det betyr at gjeldsnivået ikkje aukar desse åra. (Basert på investeringshistorikken, vil investeringsnivået bli høgare enn planlagde investeringar i slutten av økonomiplanperioden).

	2018	2019	2020	2021	2022
Nye lån	26 mill.	26 mill.	12 mill.	12 mill.	12 mill.
Rentebane	1,7 %	2,2 %	2,7 %	3,2 %	3,7 %

Rentebana er Kommunalbanken si pt. Rente per juli 2018. Åra framover har ein lagt til Norges Bank sin prognose for utviklinga i styringsrenta. Norges Bank sitt talgrunnlag i Pengepolitisk rapport 3/18 går fram til 31.12.21. Ein har forlenga utviklinga til å gjelde og for 2022.

For å få økonomiplanen i balanse vurderer Rådmannen å legge inn eit tiltak der me nyttar Kommunalbanken sine budsjettrenter, som har denne utviklinga (prognose mai 2018):

	2019	2020	2021	2022
KBN budsjettrente mai	1,7 %	2,0 %	2,3 %	2,6 %
Førebels berekna innsparing	0,7 mill.	1,2 mill.	1,5 mill.	1,9 mill.

Kommunalbanken har oppjustert sine budsjettrente markant i løpet av sommaren, slik at endeleg tiltak vil ha mindre innsparingspotensiale enn det som er presentert her.

Kostnadsutvikling:

	2019	2020	2021	2022
Samla gjeld *	257,8 mill.	273,1 mill.	272,8 mill.	273,1 mill.
Gjennomsnittleg rente**	2,4 %	2,8 %	3,3 %	3,5 %
Rentekostnad	6,3 mill.	7,7 mill.	8,9 mill.	9,6 mill.
Avdrag	10,6 mill.	11,5 mill.	12,1 mill.	12,4 mill.

*Dagens gjeld + nye lån - avdrag

** Gjennomsnittleg rente basert på kva inngåtte avtalar, og nye lån er berekna med flytande rente

Spørsmål 2:

Tilleggs og nye løyvingar er lagt inn med ca 1 mill ekstra i skjema fra september ift revidert. Er dette forventet økning i lønnsutvikling? Eller andre ting?

Svar frå rådmannen:

Det som sto att på 2018-budsjettet er rest av løyving til å dekkja årets oppgjer. Løyving 2019 er for å dekkja heile lønsoppgjer i 2019. Denne er berekna til 3 mill., og er på om lag same nivå som opphavleg 2018.

Spørsmål 3:

Heimetenester er fra 2019 lagt inn med nesten 7 mill ekstra i skjema fra september ift revidert (frå økonomiplan 2018-2021). Hva er årsaken til denne kraftige økningen? Det er lagt opp til 6 nye stillinger (jmf presentasjonen helse og sosial), men det kan ikke vær årsaken til hele økningen?

Svar frå rådmannen:

(6 stillingar kostar om lag 4 mill.)

Her er utfordringa samansett.

- Budsjett 2019 i gjeldande økonomiplan inneheld ma. eit større innsparingstiltak.
- I sak om revidert budsjett 2018, vart eininga tilført relativt store ressursar grunna auke i behov, og sviktande føresetnad om innsparing. Føresetnaden i saka var at alle endringar berre skulle gjelde for inneverande år. Det viser seg at no at auken i behov truleg vil vera også for kommande økonomiplanen.
- Det vert arbeidd med både kontroll av utgangspunktet (konsekvensjustert budsjett) og med moglege tiltak for å retta på situasjonen.

Spørsmål 4:

Det er ikke lagt opp til noen befolkningsendringer i perioden? Kan man si noe generellt om hvordan inntekt og utgiftsbildet endrer seg ved befolkningsendringer?

Svar frå rådmannen:

Det er ikkje lagt inn endring i folketalet i perioden. Driftsutgiftene utgjer 99 % av driftsinntektene (Hovudoversikt drift 2018 – opphavleg budsjett)

Spørsmål 5:

Ser man på tallene for 2022, så har budsjettunderskuddet økt med 13 millioner (fra 4,5 mill til 17,5 mill) mellom revidert budsjett og budsjettmøtet i september. Noen kommentarer til så kraftig forverring ila 3 måneder?

Svar frå rådmannen:

Frå budsjettjusteringssaka (KS 38/18):

Dersom me føreset likt driftsbudsjett i 2022 som i 2021, rammetilskot som prognosen, og skatteinnang på 90 % av landsgjennomsnittet, finn me beløpet me må betra balansen med, for å ha eit budsjett i balanse (utan mindreforbruk) i 2022:

Vedtekne reduksjonar i perioden	7,7 mill.
Korrigerings / avvik	0,2 mill.
Meirforbruk 2022	4,5 mill.
Sum	12,4 mill.

Dei to samanliknbare tala er 12,4 mill. og 17,5 mill. Frå framskrivinga i junimøtet, til førebels økonomiplan september, aukar finans aleine med 2,6 mill. i 2022. Ein del av kvalitetssikringsarbeidet av konsekvensjustert budsjett vert gjort i denne perioden. Tala er difor i bevegelse.

Innspel frå representanten Sigurd André Maraas (FRP):

Pris på kinobillett. Kan formannskapet vurderer å senda anmodning til FKIB om å vurderer lågare pris på kinobillettane for born?

Spørsmål frå representanten Sigurd André Maraas (FRP):

Fins det tilstandsrapport for Osternes skule i høve sal av bygning?
Svara frå ordførar Wenche Tislevoll (H): Interessentar må venda seg til Osternes velforening.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) og ass. rådmann Svein Dale Soleng orienterte om habilitetsspørsmål knytt til handsaming av skulebruksplanen. Folkevalde som er tilsette på skule, eller har ektefelle som er tilsett på skule, er vurdert som ugild i saka om skulestruktur. Dette vil gjelda fleire medlemar i utval for oppvekst og omsorg, formannskapet og kommunestyret. Fitjar kommune har fått rådgjeving frå KS advokat, og vil senda ut informasjon om dette til politikarane i morgon. Formannskapet drøfta saka. Gruppleiarar informerer sine partigrupper om situasjonen, og jobbar for å få vararepresentantar på plass.